

OED
postmottak@oed.dep.no

Dato: 22 mai 2015

Dykkar ref.: 15/720 Vår ref.: Arne Tillung

HØYRINGSUTTALE TIL ENDRING AV ENERGILOVA

Det vert vist til høyringsnotat "forslag til endringar i Energiloven" som vart gjort offentleg 15. april 2015.

Kvam Kraftverk AS er områdekonsesjonær for nettdrift i Kvam herad i Hordaland, og er heileigd av heradet. Verksemda vart skipa i 1913 og omdanna til aksjeselskap i 1998. Talet på nettkundar er i dag på om lag 7100. I tillegg til nettdrift driv verksemda med kraftproduksjon, kraftomsetnad, utbygging og drift av fibernett samt noko anna sekundær verksemd.

Kvam Kraftverk er organisert som ei vertikalintegreert verksemd, og er ovanfor eigaren Kvam herad avhengig av å driva verksemda så effektiv og lønsam som mogeleg. Kvam Kraftverk har i dag ein god og solid økonomi, og er godt rusta både til å møte komande investeringar, og for tilrettelegging av ei framtidsretta og robust energiforsyning i vårt nettområde.

Ei omorganisering til selskapsmessig eller funksjonelt skilje vil etter vår oppfatning føra til meir tungvinte rutinar og dårlegare effektivitet, og påføra oss ekstra kostnader utan at arbeidsoppgåvene endrar seg. Dette meiner me er uheldig både for våre kundar og for vår eigar.

Reiten utvalet sin rapport i høve «et bedre organisert strømmnett» seier at det ikkje er størrelse og tal på selskap som er viktig, men at selskapa leverer det eigarar og kundar forventar. Dette er me samde i. Vidare meiner me at det er uheldig for distrikta om ein skulle enda opp med få store nettselskap i landet. KILE ordninga vil føra til at distrikta vert nedprioritert ved større feilsituasjonar som ved stormen Nina i januar 2015. Kvam er ikkje tente med at ein vert stilt opp mot meir folkerike område når prioritering av feilrettingar på straumnettet skal utførast.

Nettverksemda har monopol og er som følgje av dette strengt regulert. I forhold til mogeleg kryss-subsidiering meiner me at dagens gode kontrollrutinar frå myndigheitene (NVE) hindrar dette. Ei ytterlegare betring av desse må vera tilstrekkeleg i høve til at myndigheitene skal ha tillit til oss.

Som mange andre nettverksemdar er også Kvam Kraftverk med i ulike samarbeidsalliansar der både innføring og drift av AMS, og innkjøp til nettverksemda vert ivareteke. Dette gir stordriftsfordeler og reduserer kostnadane overfor nettkundane våre.

Dersom Energilova likevel vert endra slik at det vert stilt krav til selskapsmessig og evt funksjonelt skilje for nettverksemda, meiner me at frist for omorganisering må setjast til 5-år og ikkje 3-år slik som forslaget føreligg. Årsaka til dette er me trur det vil verta naturleg å sjå på ei samanslåing av kommunalt eigde energiverk/kraftselskap i samband med ny kommunestruktur. Desse synergieffektane bør utnyttast.

Me støttar også høyringssvaret frå KS Bedrift.

Med helsing
KVAM KRAFTVERK AS


Arne Tillung
adm. direktør